



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
30.11.2017
Dykkar dato
09.11.2017

Vår referanse
2016/14480 563
Dykkar referanse
16/5237

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale til tilleggssøknad for ny 132 kV kraftline Kjønngard - Myrkdalen i Voss kommune

Fylkesmannen held fast på si tidlegare tilråding i saka om val av alternativ 2 for ny 132 kV line Kjønngard – Myrkdalen. Alternativ 4 er i konflikt med viktige friluftsliv-, kulturmiljø- og landskapsinteresser, og vil og vere i strid med nasjonale og kommunale føringar for arealforvaltninga knytt til verna vassdrag.

Fylkesmannen viser til tilleggssøknad om ny 132 kV kraftline Kjønngard – Myrkdalen i Voss kommune. Saka var på høyring hausten 2016, med fleire alternativ langs hovudtraseen Vinje - Ulvund - Myrkdalen. Etter høyringa påla NVE søkjar, Voss Energi Nett AS, å utarbeide ei tilleggsutgreiing med trasear gjennom Oppheimsdalen. Bakgrunnen var at dei vurderte at søkjar sin grunngjeving for ikkje å vurdere alternativ gjennom Oppheimsdalen ikkje var god nok, sett samla ut frå tekniske, økonomiske og miljømessige verknader.

Det ligg no føre to nye alternativ 4 gjennom Oppheimsdalen, med to hovudvariantar, 4-1A og 4-1B. Den fyste går lengst vest og i rett line frå Giljarlåttane forbi Martheimstølen, medan den andre følgjer vegen på austsida av elva til området mellom Martheimstølen og Skitli. Lengda på lina vil vere 12,1 – 12,3 km, avhengig av variant. Det er og vurdert ein variant av 4-2B i Kvanndalen nærare Myrkdalen. Dette er likevel ikkje søkt om då det vil liggje høgare i terrenget og vert dyrare med fleire mastepunkt.

Søkjar har og sett på to meir austlege alternativ gjennom Oppheimsdalen, 4-1C og 4-1D. Også desse er lagt til side, då dei er lengre og vil gi auka klimalaster.

Søkjar sin vurdering av verknad på natur- og miljøverdiar

Tilleggssøknaden omfattar verknader for miljø, naturressursar og samfunnsinteresser.

Alternativ 4 vil gi høgare tap av større samanhengande naturområde (INON-tap) enn tidlegare konsesjonssøkte alternativ, spesielt alternativ 2. Landskapsverdiane er omtala og vist ved bilde i søknaden. Søkjar meiner at ei kraftline gjennom Oppheimsdalen vil ha langt større negativ innverknad på opplevingsverdi, landskap og kulturmiljø enn andre alternativ. Oppheimsdalen er registrert som regionalt friluftsområde, og er eit populært utfartsområde gjennom heile året for breie lag av befolkninga. Søkjar viser til at konflikt med friluftsliv- og

landskapsinteressene vil vere høgare her enn langs strekket Vinje – Ulvund – Myrkdalen, då lina her vil følgje veg og andre eksisterande inngrep i landskapet.

Samla kostnadsdifferanse mellom alle utgreidde alternativ er på 3,9 millionar kroner, der alternativ 4-1A vil kome best ut. Søkjar har gjort samla jamføring av alternativa, som går fram av tabellen under.

Tabell 9 – Jamføringsmatrise ulike alternativ 132 kV leidning Kjønnegard - Myrkdalen.

Tema:	Tidlegare konsesjonssøkte Alternativ						Tilleggsutgreidde Alternativ	
	2AI	2BI	2AII	2BII	3I	3 II	4-1A	4-1B
Investeringskostnader	-	-	-	-	-	-	+	+
Drift, beredskap, rastryggleik	0	+	0	+	-	-	+	+
Skogbruk	--	--	--	--	-	-	+	+
Inngrepsfrie område (INON)	++	++	++	++	-	-	--	--
Landskap	+	+	+	+	0	0	--	--
Kulturmiljø	+	+	+	+	+	+	-	-
Friluftsliv	+	+	+	+	+	0	--	--
Reiseliv, turistnæring	+	+	+	+	+	+	-	-
Rangering	1	1	1	1	2	2	3	3

Voss Energi Nett AS meiner at meirkostnadene ved val av trase over Vinje-Ulvund-Myrkdalen er akseptable. Alternativ 4 vil etter deira oppfatning vere vesentleg dårlegare enn tidlegare konsesjonssøkte alternativ på grunn av konflikt med landskap, kulturmiljø og friluftsliv. Dei søkjar difor ikkje om nye alternativ 4. Dei opprettheld opphavleg søknad frå september 2016.

Fylkesmannens merknader

Fylkesmannen viser til uttale av 8. desember 2016.

I samband med vurdering av dei aktuelle hovudalternativa for ny kraftline i området meinte både Fylkesmannen og alle sentrale høyringspartar at det ikkje var grunnlag for å utgreie alternativ gjennom Oppheimsdalen. Grunngevinga var i hovudsak konflikt med natur- og kulturminne verdiar i dalføret, knytt til landskap, friluftsliv og kulturmiljø. Vurderingane som er gjort i tilleggssøknaden stadfester at konfliktnivået knytt til desse interessene vil vere høgare med alternativ 4. Fylkesmannen er samd med Voss Energi at desse bør vege tyngre enn marginale meirkostnader.

Fylkesmannen vil og peike på at ny kraftline i nærføring med vassdraget vil vere uheldig for verdiane som skal ivaretaast gjennom nasjonale og kommunal føringar for arealforvaltninga knytt til verna vassdrag.

Sundsvålelva er sidevassdrag til Vosso, som er verna i verneplan III. Grunngeving for vernet var å ta vare på eit typevassdrag med variert og kontrastrikt landskap, stort naturmangfald knytt til elveløpsform, geomorfologi, flora og fauna på land og i vatn, kulturminne og friluftsiresser.

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag er innarbeidd i [kommuneplanen](#). Oppheimsdalen ligg i sone 3a *Liten grad av påverknad*

Følgjande retningslinjer gjeld:

6.10. Retningslinjer for differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune

1. I dei verna vassdraga i kommunen (jf. temakart) skal ein leggja spesielt stor vekt på å sikra at verneinteressene som ligg til grunn for vernet ikkje vert skada. Generelt skal følgjande interesser vurderast ved søknad om ulike tiltak ; biologisk mangfald, landskap, inngrepsfri natur, kulturminne, landbruk, friluftsliv og reiseliv.
2. Forvaltning av vassdraga skal skje etter ei differensiert vurdering av verneverdiar og arealtilstand. I 100 m beltet til vassdrag som alt er utbygd eller/og er prega av ulike inngrep (klasse 1) skal det vera lettare å få godkjent nye tiltak enn i vassdrag som har mindre inngrep (klasse 2) eller vassdrag

som framstår som tilnærma urørde (klasse 3). Viktige friluftsområde / grøntområde i sentrumsområde skal likevel skjermast for inngrep som kan skade desse verdiane.

3. Det skal leggjast stor vekt på å oppretthalde / reetablere funksjonelle strandsoner langs vassdraga i kommunen. Omsyn til verneverdiar og ålmenn tilgang for friluftslivet (jf. friluftsløva) skal leggjast til grunn.

4. Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag og fylkespolitiske retningsliner for små vasskraftverk skal leggjast til grunn i sakshandsaminga

Konklusjon

Fylkesmannen held fast på si tidlegare tilråding i saka. Vi rår til val av alternativ 2 for ny 132 kV line Kjønnergard – Myrkdalen.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvern sjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Voss kommune

Hordaland fylkeskommune

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Miljødirektoratet

Postboks 145

Postboks 7900

Tverrgt. 4/6

Postboks 5672 Sluppen

5701 Voss

5020 Bergen

5017 BERGEN

7485 TRONDHEIM